



Hallgeir Alme

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2040 - 16/16341

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:


15.06.2016

## Svar på kommentarar til utført gravearbeid Vabøhaugen

Teknisk drift syner til Dykkar uro vedkomande utført gravearbeid i Vabøhaugen motteke 02.06.2016.

Driftsansvarleg for veg har vore på synfaring og sett på dei punkta som vart meldt inn til kommunen.

1. Talet på kryssingar: For å unngå å grave opp avkjørslar, murer og private hager er hovudtrase lagt på friarealet slik at kommunal veg må kryssast for kvar bustad som skal ha fiberkabel. I Lindås kommune er det krav til bredde på gravetrase. Dette for å sikre at fyllmassane vert pakka forsvarleg slik at unngår store setningsskader. Veg skal også asfalterast 0,5m ut på kvar side av grøfteområdet. Dette kravet er sett for å få betre kvalitet på asfalteringsarbeidet. Gravearbeid har ei garanti tid på 3 år. Dersom det innan denne perioden oppstår setningsskader vil kommunen pålegge kabeleigar om å rette opp i dette.



2. Er arbeidet ferdigstilt?: Da Teknisk drift var på synfaring var kabelrør til skap gravd ned.



3. Rift i veg: Slike skader oppstår på veger med eldre dekke. Dette kallast krakelering og er svært vanleg. Krakelering i vegdekke skyldast slitasje frå trafikk, værforhold og grunnforhold.

---

### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Søkk i asfalt: Denne typen skade er også vanleg langs vegkanter. Om dette skyldast gravemaskin eller anna kjøretøy kan vi ikkje seie noko om.



4. Plen: Når det gjeld stein på plen, samt tilsåing av plen, må velforeninga ta dette opp direkte med BKK.



Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune ved vegdrift

**Mottakarar:**  
Hallgeir Alme